

## To vil bli sokneprest

03.02.2010

**29. januar gjekk søknadsfristen ut for den nye soknepreststillinga i Uskedalen sokn og med Husnes og Holmedal sokn og Uskedalen sokn som tenestestad. Det har meldt seg to søkjarar og tilsetjinga skal skje i bispedømerådet 16. mars.**

Søkjarane er Magnhild Handeland Heiberg, som er 56 år og sjukehusprest og Ole Kristian With Due, som er 26 år. Handeland Heiberg er busett i Kongsvinger medan With Due bur i Hundvåg i Stavanger.

Det er den tidlegare kapellanstillinga i Husnes og Holmedal som no er omgjort til soknepreststilling samstundessom Uskedal som er overført til Husnes tenestestad.

Det skjer også ein omorganisering på den andre sida av fjorden: Sokneprest Åge Sætre byrjar i ein ny prestestilling i Vesthordland prosti til hausten. Då vil det ikkje bli tilsett ny sokneprest. I staden vert sokneprest Sven Harald Nilsen sokneprest i Varaldsøy, Hatlestrand og Ølve.